

## Anmodning om utbetaling

**Sted og dato:** Frekhaug 9.08.18

**Saksbehandler** Heidi Bjønnes Larsen  
**Søker (vår ref.)** Meland kommune

### Søknadsinformasjon

<b>Søknadsnr</b>	2015-0175	<b>Tilsagnsnr</b>	RULL-107-2015
<b>Arkivsak</b>	2015/9474	<b>Gyldig til</b>	31.12.2017
<b>Prosjektnavn</b>	Nye bønder opplæringspakke		

### Anmodning om Sluttutbetaling

<b>Utbetales nå</b>	10 000	<b>Rest til utbetaling</b>	10 000
<b>Tidligere utbetalt</b>	0	<b>Tilskuddsbeløp</b>	10 000
<b>Beskrivelse</b>	Opplæringspakke nye bønder		
<b>Delutbetaling</b>	0	<b>Sluttutbetaling</b>	10 000
<b>Sum kostnader</b>	Godkjent: 20 000, Akkumulert: 19 722, Rest: 278		
<b>Navn</b>	Meland kommune		
<b>Kontonummer</b>	15031883722		
<b>Innsendt</b>	09.08.2018		

### Statusrapportering for Sluttutbetaling

**Har prosjektet nådd måla i høve dei godkjente prosjektmåla for prosjektet (jf. tilsegnsbrevet)? Legg ved ev. rapportar i siste fane)**

#### Beskriv kort:

Det er gjennomført 2 av 3 planlagte samlingar for dei som er ny i landbruket. Første kvelden var det 30 stykker frå alle kommunane i Nordhordland, Gulen, Osterøy og Bergen. Tema var fag og praktiske kunnskaper med spesiell fokus på økonomi og driftsplanlegging, me hadde leigd inn økonomirådgjevar frå Tine. Ein ung bonde delte sine erfaringar, det vart gått gjennom praktiske ting som registrere foretak, få produsentnummer m.m, og Bastian Hoffman presenterte fadderprosjektet. Det vart lagt vekt på god tid til mingling og nettverksbygging, mulighet for å stilla spørsmål og få prata med nokon frå hjelpeapparatet. Kvelden var eit samarbeid mellom landbrukskontora i Nordhordland og Glade bønder

Samling 2 hadde tema skogbruk. om lag 15 nye skogeigarar var møtt fram, og kvelden var eit samarbeid med skogbruksforvaltninga i Nordhordland og Bergen. Ny skogeigar i Bergen innleda med

å forelja litt om sine erfaring, ellers var tema var hogst og hogstmodenhet, foryngelse og skogskjøtsel og skogbruksplanar v/vestskog.

**Har kostnadane i prosjektet vore i samsvar med godkjent kostnadsplan for prosjektet (jf.**

**tilsegnsbrevet)? Beskriv kort:**

Kostnadane i prosjektet har stort sett vore innleige av foredragshaldar og servering. Ved å bruka kompetanse til dei som jobbar i landbruksforvaltninga som foredragshaldarar + folk frå fylkesmannen og vestskog, har ein halde kostnadane nede.

Det er planlagt ein slik kveld til med tema Husdyrhald, men pga kapasitetsproblem har ikkje denne vorte gjennomført enno

**Har det i løpet av prosjektperioden vore avvik frå godkjent kostnadsplan eller finansieringsplan?**

**Beskriv kort:**

Det er brukt pengar til 2 temakvelder

**Samsvarar aktivitetane som er utført i prosjektperioden med dei godkjente aktivitetane i prosjektet? (legg ved ev. rapportar i siste fane)**

**Beskriv kort:**

Det er arrangert ein kveld mindre enn planlagt. Innhaldet og gjennomføring er vorte som planlagt, men det er program til mange fleire slike kveldar.

**Har det kome til nye aktivitetar utover dei som låg føre i prosjektet?**

**Beskriv kort:**

Nei, men har fått innspel til kurs som folk ynskjer

**Vil prosjektet eller resultata verte vidareført?**

**Beskriv kort:**

Behovet for å kontinuerleg arrangera slike temakvelder er stort. Det er eit ynskje om å gå meir i djupna på ein del tema og gjerne praktiske kurs. Det er mellom anna planlagt kurs i kusignal denne hausten.

Det som hadde vore ynskjeleg er å hatt ei referansegruppe med nye bønder og brukt dei til å laga ein kompetanseplan for landbruket i Nordhordland, der ein kunne samarordna kva kurs som vart tilbydd av faglag, samvirke m.m med det som faktisk var behovet.

Praktiske kurs - er aller best

**Har tilskottet vore avgjerande for gjennomføring av prosjektet?**

**Beskriv kort:**

Ja, det er ikkje pengar på dei kommunale budsjetta til slike tiltak

**I kva grad har tilskottet ført til etablering av nye arbeidsplassar og eller sikring av etablerte arbeidsplasser i det geografiske området som prosjektet er gjennomført i, eventuelt i dei bedriftene som har deltatt i prosjektet. Beskriv tal nye arbeidsplassar:**

Fleire av dei som deltok var i fase med å overta gård og fleire meldte at det var veldig bra å få nokre knaggar å henga ting på for det var så mykje å setja seg inn i. Det var og mulig å prata med ulike rådgjevarar og gjera avtaler for vidare oppfølging.

Verdien av nettverksbygging er og viktig, og slike samlingar er og med å gje litt kveik.

**Andre kommentarar - last opp ev. vedlegg som utfyllar punktane over (siste fane)**

**Beskriv kort:**

Program for samlingane ligg ved.

Har valgt og ikkje bruka pengar på annonse, men brukt heimesider, epost, sosiale media og kommunal informasjon i avisene til å nå fram til målgruppa.

Økonomi er eit viktig, men vanskeleg tema.

**Kostnadsrapportering**

<b>Tittel</b>	<b>Ny kostnad</b>	<b>Godkjent</b>	<b>Akkumulert</b>	<b>Rest</b>
Ny bonde kveld		20 000	19 722	278
<b>SUM KOSTNADER</b>		20 000	19 722	278